



VARTDAL GJENVINNING AS AVD FLORØ
Hamnevegen 155
6170 Vartdal

Sakshandsamar:
Åsmund Skancke Karlsnes

Rapport frå inspeksjon ved Vartdal Gjenvinning AS avd Florø

Kontrollnummer: 2021.420.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Per Ivar Godø
Tore Skjølberg

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Toril Marie Mulen
Åsmund Skancke Karlsnes

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Vartdal Gjenvinning AS avd Florø den 10. november 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har manglar i handteringa av farleg avfall
- Verksemda sine rutinar for melding av avvik vert ikkje følgd opp i praksis

Merknader:

- Informasjon til kundar kan betrast

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Kristin Espeset
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent
Kopi til: Kinn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Vartdal Gjenvinning AS avd Florø	
Organisasjonsnr.: 916263791	Eigd av: 955494083
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320 – Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

Kontrollert eining

Namn: Botnastranda industriomr Vartdal Gjenvinning AS - EE-avfall og batteri Botnastranda industriområde - Vartdal gjenvinning AS - ordinært avfall	Anleggsnr.: 4602.0099.04 4602.0099.02
Kommune: Kinn	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall – mottak og mellomlagring Avfall – mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 17. desember 2007	Sist endra: 28. august 2018

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år og er del av ein landsdekkande aksjon for kontroll av anlegg som handterer EE-avfall og metallavfall.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Mottakskontroll
- Handtering av avfall med vekt på EE-avfall og farleg avfall
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vartdal Gjenvinning AS avd Florø pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Vartdal Gjenvinning AS avd Florø innan 1. mars 2022 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknaden er fulgt opp.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 10. november 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Vartdal Gjenvinning AS avd Florø betale eit gebyr på kr 27 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har manglar i handteringa av farleg avfall

Avvik frå:

Avfallsforskrifta

- § 11-2 vurderingsplikt
- § 11-8 leveringsplikt
- §§ 11-12 og 11-13 deklarasjonsplikt

Kommentarar til regelverket:

Krav til handtering av farleg avfall

Farleg avfall som oppstår som følgje av drifta av anlegget skal handterast i tråd med avfallsforskrifta. Avfallsforskrifta har krav til

- *Leveringsplikt: Verksemdar der det oppstår farleg avfall, skal levere dette til lovleg anlegg. Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong per år. Den som har leveringsplikt, skal ha skriftleg dokumentasjon om kor det farlege avfallet er levert.*
- *Deklarasjonsplikt: Verksemdar som leverer farleg avfall skal gi tilstrekkelege opplysningar om avfallet sitt opphav, innhald og eigenskapar, slik at den vidare handteringa av avfallet kan skje på ein forsvarleg måte.*

Krav i avfallsforskrifta til å vite om avfall er farleg avfall

I avfallsforskrifta § 11-2 er det sett følgjande krav «avfallsbesitter har ansvaret for å vurdere om avfallet omfattes av bestemmelsene i dette kapitlet.»

Basert på følgjande observasjonar:

Verksemda har tatt i mot og vidarelevert farleg avfall utan at det kjem fram av deklarasjonane

Under tilsynet opplyste verksemda at dei tok imot lysstoffrøyr frå kundar. Dette går ikkje fram av deklarasjonane til Vartdal. Lysstoffrøyr er definerte som både EE-avfall og farleg avfall og må deklarerast. Statsforvaltaren vil samtidig minne om at farleg avfall skal leverast minst ein gong i året jf. § 11-8 i avfallsforskrifta.

Verksemda har ikkje vurdert om oppsop er farleg avfall

Oppsop frå anlegget vart samla opp og levert saman med kompleks utan at det var tatt prøver av innhaldet. Desse massane kan vera farleg avfall som må deklarerast og leverast til godkjent mottak. Statsforvaltaren vil minne om at for å sikre ei forsvarleg handtering i neste ledd, og at det blir levert til eit anlegg med nødvendig løyve, må det ligge føre opplysningar om innhaldet av forureiningar i oppsofet. Dersom oppsofet skal leverast til eit deponi må det utarbeidast ei fullstendig basiskarakterisering.

Avvik 2: Verksemda sine rutinar for melding av avvik vert ikkje følgd opp i praksis

Avvik frå:

Løyve pkt 2.4: Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø
Interkontrollforskrifta § 5 andre ledd pkt 7

Kommentarar:

Løyve pkt 2.4: Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø

«Verksemda skal ha eit dokumentert system for registrering og oppfølging av uønska hendingar. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.»

I internkontrollforskrifta § 5 andre ledd pkt 7 er det fastsett krav om at verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere skriftlege og skal sikre drift i tråd med vilkår i løyve.

Basert på følgjande observasjonar:

Verksemda kunne ikkje vise til avvik som gjaldt ytre miljø eller mottakskontroll. Verksemda opplyser at dei plukkar ut EE-avfall frå anna avfall (for eksempel frå kompleks), men dette blir ikkje ført i avvikssystemet. Avvikshandtering er viktig for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket, og er dermed ein viktig del av mottakskontrollen.

Ved brot på leveringsreglane i mottakskontroll for avfall vert det stort sett gitt munnleg avvik, utan at type avvik vert loggført eller systematisk følgd opp. For å sikre forsvarleg handtering av EE-avfall og farleg avfall må verksemda varsle kundar ved avvik.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Informasjon til kundar kan betrast

Verksemda kunne ikkje dokumentere at kontraktar og avtaler med kundar hadde informasjon om at EE-avfall og farleg avfall ikkje skal blandast saman med anna avfall. I oversendt dokument «Kjøpsavtale» er det ikkje fastsett krav om at EE-avfall og farleg avfall skal leverast som eigne fraksjoner og ikkje blandast med kompleks. Verksemda skal gi kundane nødvendig informasjon med omsyn til kva for typar avfall som kan leverast til, eller takast i mot ved anlegget, jf. pkt 3.3 i løyve. For å hindre innblanding av EE-avfall og farleg avfall i kompleksfraksjonen bør Vartdal utarbeide standardtekstar om dette som blir tatt med i alle kontraktar med kundar.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta

- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren